



Norsk studentorganisasjon

Lakkegata 3 / 0187 Oslo
T: 22 04 49 70
F: 22 04 49 89
E: nso@student.no
W: www.student.no

- 1
- 2
- 3
- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10
- 11
- 12
- 13
- 14
- 15
- 16
- 17
- 18
- 19
- 20

Høringsuttalelse

Høring - Fagerbergutvalgets utredning NOU 2011:6 Et åpnere forskningssystem - KD Kunnskapsdepartementet

- 21
- 22
- 23
- 24
- 25
- 26
- 27
- 28

”NSO meiner det mest føremålstenelege for sektoren er strategisk styring gjennom målmedviten leiing.”

29 **Generelt**

30 NSO vil byrje med å takke for høvet til å uttale seg om utgreiinga Fagerberg-utvalet har lagt
31 fram, og takke utvalet for arbeidet.

32

33 Fyrst vil me seie at me meiner norsk forskning i dag er i ei positiv utvikling, som me ynskjer å
34 gjere vårt for at skal halde fram; gjennom innspel til korleis finansiering og styring av
35 sektoren skal gå føre seg, og ikkje minst ved å halde på samanhengen mellom forskning og
36 utdanning. Noreg er eit rikt land, men det offentlige har mange oppgåver det skal syte for.
37 Finansieringa av forskning i Noreg er for låg. For at det norske samfunnet skal vera rusta for
38 framtida må ein løyve meir pengar, primært til fri forskning. NSO deler forståinga til både
39 utvalet og KD om at Noreg må utvikle seg til å bli ein kunnskapsnasjon.

40

41 Utfordringa til utvalet har vore å sjå på samanhengen mellom ressursar og resultat i det
42 norske forskningssystemet. Problemet med å innføre ein slik tankegang i UH-sektoren er nett
43 at det er få direkte linkar mellom desse to punkta. I beste fall kan ein finne indirekte
44 samanhengar, og det vil framleis vera vanskeleg å seie noko om kva ein faktisk kan lese ut
45 av generert statistikk. NSO ser poenget med å freiste ei slik vinkling då det kan gje
46 myndigheitene betre grunnlag for politiske prioriteringar og tiltak. Men det set krav til høg
47 evne av refleksjon og forståing til statistikk. Viss ein ikkje utøver stor varsemd i møte med
48 denne type målingar og utgreiingar kan det bli eit mektig verkty for å tvinge gjennom ein
49 parts syn og opportunisme. NSO meiner likevel at utvalet har drege fram fleire utfordringar
50 og forslag til tiltak me ynskjer å kommentere.

51

52 Utvalet har sett på offentlig finansiert forskning, og via mykje plass til UH-sektoren.
53 Institusjonane i sektoren har tri hovudoppgåver: utdanning, forskning og formidling. Dei er
54 tett knytt i hop, på mange måtar. NSO hadde forventa at utvalet hadde evna å seie meir om
55 dette samspelet enn dei har greidd. Når institusjonane har ei slik tridelt oppgåve bygger det
56 på forståinga av heilskapen. For universiteta og høgskulane er ein av dei viktigaste
57 effektane av forskinga deira verknaden han har på utdannings- og formidlingsbiten. Vidare
58 har utvalet avgrensa seg til å sjå på offentleg finansiert forskning. Det er ikkje slik at det er eit
59 strengt skilje mellom det som er offentleg finansiert og privat, her er og ein heilskap som
60 utvalet ikkje vier plass til. Utvalet seier dei har gått breitt ut og ynskjer seg langsiktig
61 tenking, men med den snevre forståinga av forskingsutbytte og –relevans endar dei opp
62 med det stikk motsette.

63

64 NSO meiner det mest føremålstenelege for sektoren er strategisk styring gjennom
65 målmedviten leiing. Difor held me at ein framfor å setje inn fleire økonomiske insentiv heller
66 skal auke basisløyvinga, og slik gje rom til leiing. Men det krev og at
67 kunnskapsdepartementet og den politiske leiinga i landet ser at dei har eit ansvar for og å
68 styre denne sektoren. Me ser altså ikkje korleis innføring av fleire målingar og premiering
69 etter det skal gje den ynskja utviklinga i sektoren.

70

71 **Finansiering**

72 NSO meiner finansieringssystemet må virke til robuste og stabile fagmiljø. Dette gjeld
73 særleg innanfor grunnforskning.

74

75 Prinsipielt så meiner NSO at basisløyvinga frå staten skal vera stor nok til å ha tildelte
76 studieplassar med høg utdanningskvalitet og oppretthalde eit nøkternt nivå på drift og
77 forskingsaktivitet utan ekstern finansiering eller øyremerking. Vidare meiner me at
78 finansieringssystemet ikkje skal favorisere forskning framfor undervisning, eller fagartiklar
79 framfor lærebøker og anna formidlingsverksemd. Der doktorgradar vert utdelt skal ein ha eit
80 nasjonalt ansvar for grunnforskning innanfor dette forskingsfeltet, dei finansielle rammene til
81 dette må dekkast av basisløyvinga.

82

83 NSO slær fast i sitt prinsippogram at finansiering skal stimulere til auka grad av samarbeid
84 i sektoren. Utvalet peikar sjølv på negative effektar av konkurransebasert tildelingar (s. 74),
85 men mellom desse er det ikkje nemnt dårlegare samarbeidsklima mellom dei
86 konkurrerende institusjonane. Det er kanskje ikkje eit dokumentert likskapsteikn her, men
87 NSO meiner det er grunn til å i større grad satse på andre modellar enn
88 konkurransebaserte, og me ynskjer nok ein gong å peike på kva NSO meiner basisløyvinga
89 skal dekkje. I dagens tridelte finansieringsmodell er dei to komponentane, forskning og
90 utdanning, sterkt konkurransedrivande. Det er eit poeng for NSO at desse er relativt mindre
91 enn basisløyvinga. Døme på tiltak som kan føre til større grad av samarbeid er stønad til
92 samarbeid om forskarutdanning. NSO trur ikkje det er naudsynt med ein veldig stor pott her.
93 SAK-prosjektet er eit døme på eit tiltak med relativt lita ramme, men som har hatt stor effekt
94 på samarbeidet institusjonane i mellom.

95

96 Til kor vidt ein skal auke dei frie konkurransebaserte arenaene og problematikken med
97 avslag på søknadar som har fenge gode vurderingar, vil NSO trekke fram eit par punkt.
98 NSO meiner det ikkje er eit likskapsteikn mellom ein søknad som vert vurdert til mindre god
99 og at prosjektet i seg sjølv ville ha vore mindre godt. Det kan vera stor skilnad på søknaden
100 og forskingsprosjektet i seg sjølv. Det er og skilnad på i kor stor grad forskarane har tilgang
101 på stønad i form at hjelp til skriving av søknadar. I tillegg vil det vera skilnad på forskarar
102 som forstår korleis systemet fungerer, kva dei må skrive i ein søknad for å få mest uttelling,
103 og dei som ikkje i same grad forstår dei autoritative diskursane dei må halde seg til for å få
104 innpass i arenaene.

105

106 I plattformen til NSO *Organisering og dimensjonering av høgere utdanning* stend det at
107 "Løyvingane til forskning skal vera sett saman av ein større basiskomponent og ein mindre
108 prestasjonsbasert komponent."¹ Som tidligare nemnt er prestasjon i denne sektoren
109 vanskelig å måle på ein god måte: publiseringspoeng og sitering gjev kanskje eit
110 todimensjonalt bilete, men røynda er i alle fall tridimensjonal. Av den grunn meiner NSO at
111 den prestasjonsbaserte komponenten i dagens system, RBO, ikkje skal aukast monaleg i
112 høve til basiskomponenten.

113

114 NSO meiner det hadde vore relevant å sjå på den auka byråkratiseringa innanfor norsk
115 offentlig forskning. Me meiner det er grunn til å tru at ein får meir ut av kvar forskingskrone

¹ Politisk plattform for NSO *Organisering og dimensjonering av høgere utdanning*, vedteke på landmøtet til NSO 2011, s. 13

116 dersom så mykje som råd tilfell forskaren, gjennom strategisk leiing og gjennom
117 forskingssamarbeid.

118

119 Som nemnt ovanfor meiner NSO det er viktig med robuste grunnforskningsmiljø. Me støttar
120 difor utvalet sitt forslag om at EU-kontingenten ikkje skal dekkjast gjennom avkastinga av
121 Forskingsfondet.

122

123 **Forskingstid**

124 Utvalet gjer det klart på s. 49 at den viktigaste forskingsressursen er forkingstid. Det er
125 med bakgrunn i forståinga om at kontinuerlig arbeid er meir effektivt. NSO vil her
126 understreke at den ressursen ikkje utelukkande kan eller skal nyttast til forking, men og
127 utviklingsarbeid. Innunder definisjonen OECD har utarbeidd om forking og utviklingsarbeid,
128 kjem utvikling av undervisningsopplegg. Denne definisjonen har og utvalet lagt til grunn,
129 difor meiner NSO det er på sin plass å merke at FoU-tid ikkje er ein forskingsressurs åleine,
130 og slik sett gjer det reknestykket til utvalet enno meir komplekst. Utviklingsarbeidet er ein
131 særskild viktig del i den konteksten med nyttetenking som utvalet legg opp til, ettersom
132 utviklingsarbeid baserar seg på eksisterande forking.

133

134 Som skrive ovanfor er NSO skeptisk til system som fordelar etter kvantitative mål. Me ser
135 likevel trongen til å seie noko om fordeling av FoU-tid basert på eit oppteningssystem. Ei
136 ordning som har fenge fotfeste i sektoren. For NSO er det eit premiss for ordninga at
137 faktorane som tel i oppteningssystemet må utvidast, ein må leggje ei breiare forståing av
138 publisering til grunn, og ikkje minst ta med faktorar som arbeid med utdanning og
139 undervisning, og utviklingsarbeid.

140

141 NSO ser og viktigheita i å forstå FoU-tid som noko strategisk og ein viktig ressurs for på ein
142 god måte å oppfylle dei tri hovudoppgåvene til dei høgre utdanningsinstitusjonane.

143

144 **Auke i talet på stipendiatar**

145 NSO ser nok og grunn til å meine at ein kan trenge fleire stipendiatar her i landet. Men talet
146 uvalet tilrår synes å berre vera grunna i ei enkel samanlikning med tal i Sverige og Finland.
147 Det trengs ei grundigare analyse av trong og kapasitet for å kunne meine noko konkret om
148 talet på stipendiatar ein skal utdanne her i landet. Ei viktig side ved ei eventuell auke er å
149 sjå på fagprofil. Innanfor kva fag skal ein utdanne fleire stipendiatar.

150

151 Når ein ser på rekruttering til forskarstillingar er det viktig å ha eit heilskapeleg perspektiv.
152 Det vil seie å sjå vidare enn berre til stipendiatstillingar. For å sikre god rekruttering heile
153 vegen er det naudsynt å starte frå dag éin ein har sjans til påverknad. Det vil seie opp mot
154 studiesøkjarar, og kontinuerlig gjennom studiet. Det å synleggjere kva moglegheiter som
155 finns for framtidig arbeid innan forking er avgjerande for god og stabil rekruttering, både til
156 UH-sektoren men ikkje minst til samfunnet generelt. Både FoU-basert utdanning og
157 studentaktiv forking er viktige og strategiske verkemiddel i denne samanheng.

158

159 **Forskingsprosjekt**

160 NSO støttar forslaget om å setje i gong eit forskingsprosjekt som skal sjå på offentleg
161 finansiert forskning. Men me ynskjer at prosjektet skal ha eit meir heilskapeleg perspektiv,
162 utover å sjå berre på offentleg finansiert forskning. På den eine sida kan eit slikt prosjekt syte
163 for ei breiare analyse enn utvalet hadde høve til. På den andre sida er det eit poeng at
164 styringa i sektoren i større grad bør vera forskingsbasert og ikkje berre erfaringsbasert.